



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 Dalekvam

Dykkar ref.
16/937 - 17/1303

Vår ref.
17/3058

Dato
24.05.2017

Klage frå Vaksdal kommune over Politidirektoratets avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i Vest politidistrikts lokale struktur

Justis- og beredskapsdepartementet syner til klage som er dagsett 16. februar 2017 frå Vaksdal kommune og Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017 om å endre politiet sin lokale struktur i høve til Vaksdal kommune:

«Sammenslåing av lensmannsdistriktene Voss og Osterøy, og del av Hardanger lensmannsdistrikt (del som omfatter Eidfjord kommune), til Indre Hordaland lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Voss lensmannskontor og Osterøy lensmannskontor».

Politidirektoratet har i brev 9. mars 2017 sendt klagen frå Vaksdal kommune til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til Vaksdal kommune og Vest politidistrikt. Direktoratet opplyser i oversendinga at klagen frå Vaksdal kommune har vore lagt føre dei kommunar som saka vedkjem, jf. forskrift om klageordning for kommunar som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 5 andre ledd.

1. Bakgrunn

Nærpolitireforma, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt Stortinget for handsaming. Proposisjonen vart fastsatt 10. juni 2015 med nokre endringar, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). I Innst. 306 S (2014-2015) vart det mellom anna sagt følgjande om det overordna målet med nærpolitireforma:

Postadresse	Kontoradresse	Telefon - sentralbord	Politiavdelinga
Postboks 8005 Dep	Gullhaug Torg 4A	22 24 90 90	
0030 Oslo	0484 Oslo	Org.nr.: 972 417 831	
0030 Oslo			

Sakshandsamar
Jan Inge Helgheim
22 24 55 91
jan-inge.helgheim@jd.dep.no

«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».

Justis- og beredskapsdepartementet har i samsvar med dette gjeve Politidirektoratet mynde til å fastsette politidistrikta si inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og til å kunne fastsette samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjonar.

Politimeistrane har, som ein del av nærpolitireforma, greidd ut og føreslått endringar i politidistrikta sin lokale struktur for å kunne frigjere tid og ressursar til å kunne vere meir tilgjengeleg og til stades i nærmiljøa.

Den lokale strukturen i politidistrikta skal fremje eit nærpoliti som er operativt og synleg, med kapasitet til å forebygge, etterforske og påtale strafflagde handlingar. Politimeistrane sine framlegg er mellom anna tufta på innspel frå kommunar og lokale polititenestemannsorganisasjonar.

Politimeistrane sende sine tilrådingar til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet fastsette 13. januar 2017 ny lokal organisering av norsk politi.

Kommunar som vedkjem endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar kan klage på Politidirektoratet si avgjerd til Justis- og beredskapsdepartementet, jf. forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 1.

2. Merknader frå kommunen

I brev 16. februar 2017 har Vaksdal kommune mellom anna gjort gjeldande at det må skipast ein eigen tenestestad i Vaksdal, og at Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017 om å vidareføre tenestestaden på Osterøy må opphevast. Vaksdal kommune har i samband med dette mellom anna sagt at: *«Vaksdal kommunestyre reagerer med vantru på at politidirektøren vel å plassera den andre tenestestaden på Osterøy heilt i utkanten av tenesteeininga».*

Kommunen har mellom anna helde fram følgjande argument for å plassere tenestestaden i Vaksdal:

- *«Vaksdal er ein klart definert tettstad. Ein tettstad som vil veksa.*
- *Vaksdal ligg langs E16. Raskare utrykking betrar responstida i heile Vaksdal og Osterøy. Særleg er det viktig med rask responstid til ny og framtidig E16.*

- *I dag har E16 ein ÅDT¹ på omlag 5000 kvar dagar og toppar på over 20 000 i utferdshelger og ferietid. Trafikken er forventet å auke med ny veg. E16 Arna – Voss har og rett i underkant av 20 % tungtrafikk med dei risikoar det innebærer.*
- *TØI si kartlegging av mengda farleg gods langs veg syner at omlag 10 prosent av tungtrafikken fraktar farleg gods. Kort responstid til E16 må vega tungt i høve etablering av framtidig tenestestad for politiet.*
- *Det er fleire ulukker langs E16 enn på Østerøy».*

Utover dette har Vaksdal kommune gjort gjeldande at tenestestaden bør liggja nær innbyggjarane. Vidare er det halde fram at lokalisering av tenestestad i Vaksdal vil gje betre høve til «flåtestyring»/backup. Kommunen har også synt til at det er jernbanestasjon og at det finst moderne kontor- og næringslokale i Vaksdal.

Vaksdal kommune har også synt til at Bergensbanen går gjennom kommunen, og at tog stasjonane brukast til transitt i samband med smugling av narkotika. Kommunen meiner også det er grunn til å tru at også annan gjennomgangskriminalitet er større i Vaksdalsområdet enn på Østerøy.

3. Motsegner frå andre kommunar

Politidirektoratet har opplyst at ei av kommunane i Vest politidistrikt har fremja synspunkt til klagen frå Vaksdal kommune. Dette er Østerøy kommune.

Østerøy kommune har mellom anna helde fram at:

Østerøy var særst nøgd med at kommunen vart ein del av eit landspoliti. Når det gjeld lokalisering av tenestestad i vestlege del av Voss tenesteområde (Vaksdal og Østerøy kommunar), meiner me politimeisteren har gjort eit val som godt balanserer geografi og folketal. Slik me tolkar klagen frå Vaksdal, er det lokalisering av tenestestaden i Østerøy dei er usamd i, og at dei meiner dette ikkje representerer ei politifagleg god vurdering».

4. Politidirektoratets vurdering

Politidirektoratet har i brev 9. mars 2017 til Justis- og beredskapsdepartementet gjort nærare greie for sitt avgjerdsgrunnlag og har ikkje funne grunn til å gjere om si avgjerd i høve til Vaksdal kommune.

Politidirektoratet har synt til at avgjerda 13. januar 2017 om «sammenslåing av lensmannsdistriktene Voss og Østerøy, og del av Hardanger lensmannsdistrikt (del som omfattar Eidfjord kommune), til Indre Hordaland lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tenestesteder: Voss lensmannskontor og Østerøy lensmannskontor». Avgjerda

¹ ÅDT — ÅrsDøgnTrafikk — er en egenskap ved *trafikkmengde*.

bygde på tilrådinga frå politimeisteren i Vest politidistrikt. Tiltrådinga frå politimeisteren er tufta på politifaglege vurderingar og ein lokal prosess som kommunar og tenestemannsorganisasjonar har teke del i.

Politidirektoratet har vidare synt til at direktoratet har vurdert dei innspel og synspunkt som har kome fram i klagen frå Vaksdal kommune og frå politimeisteren i brev 28. februar 2017. Politimeisteren har i brevet skildra korleis politiet sine tenester skal tryggjast i Vaksdal kommune. Politidirektoratet meiner at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar som høver med siktemålet til nærpolitireforma.

Klagen frå Vaksdal kommune er lagt føre dei kommunar som vedkjem saka, og Politidirektoratet har vurdert innspelet frå Osterøy kommune. Etter Politidirektoratet si vurdering har det ikkje kome fram opplysingar i tilbakemeldinga frå denne kommunen som gjev grunnlag for å endre vurderinga.

Politidirektoratet har difor konkludert med at det ikkje ligg føre opplysingar som gjev grunn til å endre den vurderinga som ligg til grunn for politimeisteren sin tilråding om endringar i den lokale strukturen for Vaksdal kommune i Vest politidistrikt.

5. Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering og avgjerd.

Klagen er satt fram i samsvar med forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten. Etter § 1 i forskrifta kan kommunar som vedkjem avgjerda om ny tenestestedsstruktur klage på avgjerda til Justis- og beredskapsdepartementet.

Vidare følgjer det av forskrifta at Justis- og beredskapsdepartementet kan gjere nytt vedtak eller heilt eller delvis oppheve avgjerda og sende saka attende til direktoratet for ny handsaming, jf. forskrifta § 6 første ledd.

Elles må departementet si klagehandsaming oppfylle forvaltningslova kapittel II og III og ålmenne reglar om god forvaltningsskikk, jf. Forskrifta § 7.

Politidirektoratet har i oversendinga gjort greie for den føregåande prosessen for Vaksdal kommune i Vest politidistrikt, som mellom anna syner at politimeisteren i Møre og Romsdal har hatt ein omfattande lokal prosess med deltaking frå kommunar og tenestemannsorganisasjonar.

Vaksdal kommune har i klagen mellom anna gjort gjeldande at avgjerda om å vidareføre tenestestaden på Osterøy må opphevast og at det i staden bør skipast ein eigen tenestestad i Vaksdal.

Politimeisteren har opplyst at politiet i dag ikkje har nokon tenestested i Vaksdal, men at politiet har ein kontorstad i Vaksdal kommune som er lokalisert i tettstaden Dale. Etter det som er opplyst er kontorstaden i Vaksdal i gjennomsnitt open ein dag

annakvar veke. Ein kontortilsett arbeidar ved kontoret ein dag i veka, men då er ikkje kontoret ope.

Osterøy har etter det opplyste ca. 8000 innbyggjarar og kommunen femner om mesteparten av den største innlandsøya i Noreg, med same namn som kommunen. Administrasjonssenteret er Lonevåg. Vaksdal kommune har ca. 4 125 innbyggjarar. Administrasjonssenteret er Dale. Osterøy har brusaband med fastlandet heilt aust i Bergen kommune mellom Arna og Trengereid.

Avstanden mellom Dale i Vaksdal og tettstaden i Vaksdal er på 15 km og køyretida er berekna til ca. 15 minutt. Avstanden mellom Lonevåg på Osterøy og tettstaden Vaksdal er ca. 32 km og køyretida er berekna til ca. 32 minutt. Frå administrasjonsstaden Dale til Voss er det ca. 45 km, og køyretida er berekna til ca. 41 minuttar.

Politimeisteren har i denne samanheng synt til berekningar som er gjort av AsplanViak for Osterøy. Berekningane syner at ein lokalisering av tenestestad i Lonevåg i Osterøy kommune fører til at 61 prosent av innbyggjarane i Osterøy og Vaksdal kommunar når tenestestaden på 20 minutt. Ved å lokalisere tenestaden i Vaksdal vil berre halvparten av innbyggjarane kunne nå tenestestaden med same reisetid. Når reisetida overstig 40 prosent er resultatane tilnærma like. Departementet er samd med Politidirektoratet si vurdering om at innbyggjarane i Vaksdal vil få ein tilfredsstillande teneste med rimelege køyretider til lensmannskontoret på Osterøy, og at ordninga vil tryggje innbyggjarane i Dale.

Departementet vil elles nemne at ei skiping av større tenesteeiningar vil fremje ein meir turvande polititeneste fordi ei slik organisering vil kunne flytte ressursar til operativ teneste, og at auka patruljering vil gje kortare reaksjonstid. Dei endringar som er fastsett for Vaksdal kommune i Vest politidistrikt vil etter departementet sitt legge til rette for at dei sentrale krava til polititeneste som er skildra i Prop. 61 LS (2014-2015) og Innst. S 306 (2014-2015) kan oppfyllest på en god måte.

Vaksdal kommune har også gjeve uttrykk for uro over beredskapen i høve til utrykking og reaksjonstid for ny og framtidig E16, som er tett trafikkert og har ein relativt stor prosentdel tungtrafikk. Kommunen har også vist til at det er mange ulykker langs E16. Politimeisteren har mellom anna halde fram at beredskapen langs E16 mellom Arna og Voss allereie er god grunna patruljering frå Voss lensmannskontor og ikkje minst grunna stor patrulje- og kontrollverksemd frå Utrykkingspolitiet. Politimeisteren har også halde fram at ein lokalisering av tenestestaden på Osterøy vil styrke polititenesta i området, medrekna store delar av Vaksdal kommune, både med omsyn til vakt og beredskap, tilgjenge og service, samt førebygging.

Departementet vil elles nemne at politipatruljer som utgangspunkt skal kunne gjere publikumsretta verksemd, noko som betrar servicen til publikum i høve til gjeldande ordning. Politipatruljer vil også gje kortare reaksjonstid på grunn av at politiet i større

grad vil kunne vere på staden ved hendingar og behov gjennom kunnskapsbygd tenesteplanlegging.

Vaksdal kommune har også synt til at Bergensbanen går gjennom kommunen og at dette gjev gjennomgangskriminalitet.

Til dette vil departementet nemne at politikontakten i den nye politistrukturen vil få ei viktig rolle i samspelet mellom driftseininga, politistasjonsdistriktet og kommunen. Departementet meiner at politikontakten, som vil verte oppretta innan 15. juni 2017 i alle kommunar, på ein god måte vil kunne medverke til at politiet arbeidar tettare og meir strukturert med kvar kommune, og at dei vil få god lokalkunnskap om kommunen.

Dei kommunane som vedkjem saka har vore lagt føre klagen i samsvar med forskrifta § 5 andre ledd.

Departementet finn, på grunnlag av dei opplysingar som er lagt fram i saka, ikkje grunn til å gjere om på Politidirektoratet si avgjerd om ny tenestestadsstruktur for Vaksdal kommune i Vest politidistrikt. Departementet held fast på Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017.

Klagen takast ikkje til følge.

Justis- og beredskapsdepartementet si avgjerd kan ikkje klagast på, jf. forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 6 andre ledd.

Ein kopi av dette brevet er sendt til Politidirektoratet til vitande.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Kopi: Politidirektoratet

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur